FOLKEMØTE PÅ VÅGE – VÅGE GRENDAHUS 8.12.25 – 18.00-19.30.

Gruppearbeid:

Kva meinar de er viktig for kommunen å ta omsyn til når ein skal gjennomføre utgreiingsarbeidet?

Ca 60 deltakarar.

Gruppe 1

1. Store reisebelastning ikkje til barnets beste
2. Lite innsparing ved å flytte Våge ungdomsskule
3. Kor er det største investeringsbehov. Ta ned investeringane for kommunen.
4. Større samfunnskonsekvens ved å flytte Våge ungdomstrinn enn Flekke skule.
5. Våge Skule krinsområde bidre med store inntekter til kommunen

- Foreldre og skule blir godt involvert fortløpande
- Styringsgruppa bør vere geografisk representativ.
- Konsekvenstar for framtidig næringutvikling

Gruppe 2

1. For ytre Fjaler er det viktig å ta vare på på ungdomssteget på Våge, for å lettar få folk til å busette seg med familiar. Er spennande det som skjer på Lutelandet.
2. Barnets beste må vege inn, nå ein skal gejre grep. Skuleveg, og blastning knytt til dette, må avgrensast
3. Eit strukturgrep må genere økonomisk innsparing av ein viss grad.
4. FUS bør seljast. Så lenge politikkarane har prioritert Samvirket til kulturhus, så kan ein ikkj bruke pengar på å ha eit hus på neste 2500m2. Berre oppvarming er svært kostbart. Ein bør finne alternative lokale til vaksenopplæringa.
5. Jobbe for å halde sjukefråværet lågt.

Gruppe 3

1. Lang og dårleg skuleveg, pendlertrøttleik (konsekvensar for Dale VGS)
2. Industrietablering (uvisse)
3. Oppretthalde bu-lyst, auke i folketa -> tilflytting
4. Tilstand på bygg (Våge skule vs Flekke skule)

- Flytte skulegrensene (Straumsneset til Våge)
- Ledig kapasitet på Våge (ledig rom og pedagogdekning)
- Klar med arealplanar, tomter, reguleringsplanar til husbygging
- Utleigebustader (på sikt)

Gruppe 4

1. Vi må ta omsyn til ungane si reisetid og transport
2. Sikre skuleplassar til alle
3. Bestemme framtid av skulebygg
4. Sikre godt skulemiljø for elevane

Gruppe 5

- Avstandar og reiseveg
- Utvikling på Lutelandet
- Utvikling generelt
- Konsekvensar for Dale VGS mtp pendling 3 år – 6 år

Gruppe 6

1. Omsyn til næringsutvikling og aktivtet på Lutelandet. Ved å endre skuletilbodet sette ein investering og utviklingsmuligheiter i fare.
2. Få opp kuttliste som viser også lovpålagde og ikkje lovpålagde, også tiltak som ulike støtteordningar td frivilligheitsinnsats, Fjalerhallen, kulturaktivitet, Samvirke

- Lang reiseveg frå ytre deler av Fjaler til Dale
- Sette søkegrunnlaget til Dale VGS i fare, då elevar i ytre Fjaler er mette av lang reiseveg.
- Sal av kommunal eigedom, til dømes ungdomsskulen. Vil bety kutt av driftsutgifter, Fjaler kommune må vere forutsigbar – det er det ikkje no.
- Må vere pedagogisk forsvarleg, med foreldre sitt syn må vege tyngst i forhold til å oppretthalde skulen på Våge.

Gruppe 7

- Utvikling vidare i regionen – Bue Salmon
- Avstand til Dingemoen
- Farleg skuleveg. Vegen er stengt 5 gonger i året
- Danningspotensial med fådelt skule.
- God fagleg progresjon med barne- og ungdomsskule samla
- Lettare å fylle vikarbehov med barne- og ungdomsskule samla
- Dale VGS vil miste elevar som vert lei av Dale
- Mange yngre tilflyttande par til kretsen
- Pendling til Dale innebærer heile dagar i Dale, sidan fritidsaktivitetar er Dale
- Gode og trygge relasjon på mindre skular
- Dårleg læringsutbytte å bruke dagen på buss.
- Dårleg folkehelse å bruke dagen på buss
- Er det økonomi i å legge ned Våge, og bygda?

- Er ungdomssrådet høyrt i saka?

Gruppe 8

1. Flytte skulegrensa. Td sende frå Straumsneset til Våge. Dårleg veg mot Flekke/Dale frå Straumsnes.
2. Opningstid til BHG og SFO spelar inn på kvar foreldre sender borna sine.
3. Vanskeleg å få ungdomen heim att.
4. Går utover VGS i Dale om dei har nok av pendling etter ungdomsskulen
5. Bygge, finne utleigehus, bustader for tilflyttarane.

- Avstand/reisetid, nye ruter – vanskeleg
- Legge til rette for bustader i utkanten.
- Konsekvensar ved å ta vekk ungdomsskulen
- Tidlegare fråflytting
- Manglande motivasjon - å kome heim til «ingenting»
- Går ut over engasjement og moglegheit for fritidsaktivteter.
- Mykje køyring på foreldre.
- Tilflytting generelt blir vanskelegare
- Meir offentleg transport, nye ruter, noko som kostar
- Selje gamle ungdomsskulen i Dale, samt andre bygg som står tomme.

Gruppe 9

1. Reiseveg – reelle tal på reisetid
2. Fråflytting/mindre tilflytting viss ungdomsskulen ryk
3. Lange pendletid i 3 år på ungdomsskule, går vidaregåande andre plassar enn i Dale. Kva då med Dale VGS.
4. Beholde inntekter frå td havbruksfonde. Må ha folk som bur i ytre Fjaler. Må ikkje miste den kompetansen.
5. Skape skulestruktur med like forhold for alle elevane i kommunen.
6. Endring i skulekrinsane
7. Utvikling på Lutelandet/BUE
8. Frårøve barna fritid/fritidsaktivitetar. Ein del av elevane har fotball/kulturskule i Dale etter skuletid/kveld. Lekser.

Gruppe 10

- Kva påverknad frå nedlegging av u-trinnet på næringslivet? Vil td Bue komme om vi mistar ungdomstrinnet.
- Mulig å vidareutdanne dagens assistentar slik at dei får god nok kompetanse på område der vi har lite. Til dømes tilrettelagt undervisning -> for igjen å redusere kostnadane.
- Kva er beste for barna – sosial sett – miljø kan bli for små
- Idrettstilbod